

049972

Arkeologiske Undersøkelser

**Hornnesvika, Hornnes gbnr. 20/2
Førde kommune, Sogn og Fjordane**

Vigdis Berge

Universitetet i Bergen

Bergen Museum

Seksjon for ytre kulturminnevern

2006

Botanisk rapport ved Kari Loe Hjelle

Med bidrag av Live Johannessen og Finn Christensen



INNHALD

SAMANFATNING OG VURDERING AV UNDERSØKINGA I HORNNESVIKA	3
BAKGRUNN.....	5
TOPOGRAFI.....	7
UNDERSØKINGSMETODE OG GANG	8
MÅLESYSTEM	9
RESULTAT	11
HUS I.....	11
HUS II.....	18
STRUKTUR 134.....	19
KOKEGROPER.....	25
ELDSTADER.....	27
ANDRE STRUKTURAR	28
DYRKINGSSPOR.....	30
BAUTA	33
LITTERATURLISTE.....	35

VEDLEGG

Fotolister

Liste over originalteikningar

Liste over vitskapelege prøver

C14 dateringar

BOTANISK RAPPORT AV KARI LOE HJELLE

UNIVERSITETET I BERGEN, BERGEN MUSEUM, DE NATURHISTORISKE SAMLINGAR

JORDANALYSAR AV KJEMIINGENIØR FINN CHRISTENSEN

Figurar

Figur 1. Utsnitt av Vestlandet med Hornnesvika avmerka.....	5
Figur 2. Kart over Førde med dei arkeologiske utgravingane frå 1996 og 2005 avmerka.....	6
Figur 3. Utgravingsområdet før avdekking	7
Figur 4. Kartutsnitt over Hornnesvika med utgravingsområdet avmerka	8
Figur 5. Strukturar frå Hornnesvika	10
Figur 6. Hus I	11
Figur 7. Hus I mot sørvest.....	12
Figur 8. Snitt av stolpe 145	13
Figur 9. Snitt av stolpe 140 og 167	13
Figur 10. Hus II	18
Figur 11. Struktur 134 i plan før snitting.....	19
Figur 12. Bilde av profil struktur 134, mot nordaust.....	20
Figur 13. Profiltøikning av struktur 134.....	20
Figur 14. Struktur 134 under graving og etter avdekking, mot søraust.....	21
Figur 15. Struktur 134 etter avdekking.....	21
Figur 16. Struktur 134 mot nordaust og sørvest.....	22
Figur 17. Struktur 134 etter fjerning av helle I, mot nordaust.....	22
Figur 18. Struktur 134 etter fjerning av helle I og kullag, mot nordaust og sørvest.....	22
Figur 19. Struktur 134 etter fjerning av helle II og kullag, mot nordaust og sørvest	23
Figur 20. Struktur 134 etter fjerning av stein og overliggande masse, mot nordvest.....	23
Figur 21. Struktur 134 kullag i botn av struktur, mot nordaust og sørvest.....	23
Figur 22. Felt med kokegroper.....	25
Figur 23. Kokegrop 29 og 70.....	25
Figur 24. Utsnitt av felt, med mogleg gjerdesystem markert med svart	28
Figur 25. Dyrkingsprofil, Hornnesvika.....	31
Figur 26. Bautastein ved innkjørsla til bruk 20/2	33
Figur 27. Bautastein før og etter avdekking.....	34

Tabellar

Tabell 1. Anleggsskildring av stolpar hus I.....	14
Tabell 2. C14 dateringar av hus I	16
Tabell 3. Anleggsskildring av stolpar hus II	18
Tabell 4. C14 datering av hus II.....	19
Tabell 5. C14 datering av struktur 134.....	24
Tabell 6. Resultat av analysane av jordprøver frå 134	24
Tabell 7. Anleggsskildring av kokegroper	26
Tabell 8. C14 dateringar av kokegroper.....	27
Tabell 9. Anleggsskildring av eldstader.....	27
Tabell 10. Anleggsskildring av lause stolpar	29
Tabell 11. C14 datering av lause stolpar	29
Tabell 12. Anleggsskildring av fyllskifte	30
Tabell 13. C14 dateringar av dyrkingslag	31

SAMANFATNING OG VURDERING AV UNDERSØKINGA I HORNNESVIKA

Arkeologisk frigjevingsundersøking ved Hornnesvika, Hornnes i Førde, Sogn og Fjordane vart gjennomført våren 2005. Forut for denne undersøkinga var det gjort arkeologiske registreringar i 2004 utført av Christoffer Knagenhjelm og Sigmund Bødal på vegne av Kulturavdelinga ved Sogn og Fjordane fylkeskommune. Det vart då påvist spor etter jernalder busetting (Knagenhjelm 2004).

Dei registrerte kulturminna i Hornnesvika vart vurdert som svært interessante i innhald og omfang. Dei kunne utfylle dei arkeologiske granskingane som vart gjort i 1996 på terrassen nordvest for Hornnesvika (gbnr.20/7). Sær relevant og viktig var det å få oversikt over busetnad og aktivitet i tidleg jernalder ved fjorden når ein har omfattande kunnskap om busetnad lengre opp i landskapet. Undersøkinga i Hornnesvika kunne gje grunnlag for vidare analyse og samanlikning med den kjende busetnaden på Hornnesterassen, og ein meir heilskapleg forståing av den forhistoriske busettinga i området. Vidare var det viktig å kartlegge vegetasjonshistoria for å supplere kunnskapen om jordbruksaktiviteten knytt til busetnaden i eldre jernalder som er generert ved undersøkinga på Hornnesterassen i 1996.

I løpet av frigivingsundersøkinga i Hornnesvika vart det avdekka eit felt på til saman 2 mål. Ei mengde på 104 ulike strukturar vart registrert og undersøkt, med spor etter busetting og ulik bruk av området gjennom over 2000 år frå tidlig bronsealder til merovingartid. Av ulike typar fornminne vart det utskilt; to hus, eit mulig grav eller offeranlegg, eit mindre felt av kokegroper og eldstader, ardspar og forhistorisk dyrking. Det var ingen gjenstandsfunn frå utgravinga.

Den største bygningen er eit einskipa hus, hus I. Det er utskilt 38 stolpar som til saman dannar to stolperækker. Huset har i sin fulle lengde vore minst 21 meter langt og har ei bredde på nærare 6 meter på det breiaste, med inngang på midten av kvar langvegg. Hus av denne typen er relativt uvanleg og med ei datering til førromersk jernalder er det kjend få liknande hus i Noreg. Huset er sannsynlegvis ikkje eit bustadhus men er mogleg eit lagerhus og fjøs eller stall. Hus II er ein mindre bygning som består av to par stolpar, sannsynligvis eit treskipa hus. Huset er datert til førromersk jernalder. Slike småbygningar kjennes frå både forhistorisk og historisk tid. Busettinga i Hornnesvika kan vere restar etter ein seinare og kortare fase med busetting nær sjøen kor sjølve bustadhuset ikkje er påvist. Men mest sannsynleg høyrer husa til den regulær gardsbusettinga som er påvist oppe på Hornnesterassen.


Det vart påvist eit mindre felt med kokegroper og eldstader som var samla i eit område sørvest i feltet kor terrenget skråar ned mot sjøen. Dateringane spenner frå førromersk jernalder til folkevandringstid. Kokegropfeltet kan sannsynligvis knytast til den busettinga som har vore i Hornnesvika og på Hornnesterassen i dette tidsrommet.

I søraustre del av feltet vart det påvist ein struktur tolka som ei grav eller eit offeranlegg. Strukturen var berre synleg i overflata som eit større fyllskifte. Ved graving viste det seg å vere ei rundoval røysliknande anlegg med ein diameter på 1,3 meter. Den hadde to dekkheller og eit tjukt kullag i botnen. Anlegget er datert til eldre bronsealder og har ingen kjende klare parallellar verken i Noreg eller i Skandinavia.

Den botaniske undersøkinga viser dyrking av området i førromersk jernalder, romartid og i folkevandringstid/merovingartid. Beiting, mogleg også slått, har føregått i området og engvegetasjon vart etterkvart dominerande. Det har vore korndyrking, av bygg, sikkert frå romartid, i merovingartid er det også påvist kveite. I frå undersøkinga på Hornnesterassen i 1996 var det påvist dyrebeite og åkerbruk med dyrking av kulturplanter tilbake til seinneolitikum og fram til slutten av førromersk jernalder (Diinhoff 1996). Resultata frå dei botaniske undersøkingane frå Hornnesvika i 2005 viser ein mindre tidsmessig del av det forhistoriske jordbruket. Det er ikkje påvist dyrking som er eldre enn førromersk jernalder. Den eldre dyrking kan vere fjerna av yngre dyrking men sannsynlig har flata ved fjorden i Hornnesvika ikkje vore oppdyrka like tidleg som oppe på Hornnesterassen.

Sett i ein større samanheng er resultata frå undersøkinga viktig i kartlegginga av kulturforhold og av den generelle utviklinga av jordbruks- og busettingsutviklinga i Sogn og Fjordane og på Vestlandet. Funna av det atypiske einskipa huset frå førromersk jernalder og av grav/offeranlegget frå eldre bronsealder er i tillegg av stor betydning for det arkeologiske kjeldetilfanget. Desse funna har gitt oss større kunnskap om hustypar i eldre jernalder og kjennskap til ein hittil ukjend anleggstype frå eldre bronsealder.


BAKGRUNN



Figur 1. Utsnitt av Vestlandet med Hornnesvika avmerka

Den arkeologiske frigjevingsundersøkinga i Hornnesvika vart gjennomført i 2005 som følgje av ein privat reguleringsplan for utvikling av vidare forretnings- kontor- og industriverksemnd i Hornnesvika på Hornnes gbnr. 20/2 mfl., Førde kommune i Sogn og Fjordane datert til 27.10.2003, godkjent av bystyret i Førde kommune den 17.2.2005.

Det er kjent fleire lausfunn frå garden Hornnes. Ei skaftgryte av kleberstein frå vikingtid/tidlig middelalder, to spissnakka økser av Stakanesdiabas frå eldre steinalder samt fleire klebersøkke som nå er tapt. Alle disse funna er frå bruk nr. 7 som ligg på terrasseflaten nordvest for Hornnesvika. I dette området var det i 1996 ei utgraving i regi av Bergen Museum. Det vart då påvist busetnadsspor frå steinalder og fram til yngre jernalder. Det vart avdekka spor etter minst 15 hus og bygningsliknande anlegg med ei datering som strakte seg frå eldre bronsealder til merovingartid. Det var ei rekkje gjenstandsfunn frå gravinga (Diinhoff 1996).



Figur 2. Kart over Førde med dei arkeologiske utgravingane frå 1996 og 2005 avmerka

På bakgrunn av dei tidlegare kjende forhistoriske funna på garden Hornnes vart det i perioden 26-30. april 2004 utført arkeologiske registreringar i planområdet. Registreringsundersøkinga omfatta maskinell graving av i alt åtte sjakter. To av sjaktene var funnførande med funn av stolpehull, ein eldstad, ei kokegrop og eit forhistorisk dyrkingslag. Spora er datert til førromersk jernalder og romartid. Det vart i tillegg registrert ein bautastein ved innkjørsla på bruket 20/2 (Knagenhjelm 2004). Denne er ikkje tidligare kjent i litteraturen.

I brev av 12.07.04 frå Sogn og Fjordane fylkeskommune vart det søkt om dispensasjon frå kulturminnelova. Dispensasjon etter KML § 8,4. ledd vart gjeve for omsøkte automatisk freda kulturminne i Riksantikvarens brev av 26.10.04. Vedtak om omfang og kostnader vart fatta av Riksantikvaren i brev av 28.02.05. Kostnadene i samband med utgravinga dekkast av tiltakshavar, jf. Kulturminnelovens § 10, i dette tilfellet Hornnes Eigedom as.


Den arkeologiske utgravinga vart gjennomført av personale ved Seksjon for ytre kulturminnevern, Bergen Museum i perioden 04.4-28.4.05. Prosjektansvarlig var Live Johannessen. Rapporten er skrevet av Vigdis Berge. Live Johannessen har stått for digitalisering av teikningane. I utgravingsperioden deltok prosjektleiar Live Johannessen, feltleiar Vigdis Berge og feltassistent Heming Hagen.

TOPOGRAFI



Figur 3. Utgravingsområdet før avdekking

Lokaliteten Hornnesvika, Hornnes gbnr. 20/2 ligg på nordsida av Førdefjorden rundt 2 km nordvest for Førde sentrum. Lokaliteten ligg mellom sjøen og riksvegen, like vest for vegen som fører ned til hamneområdet ved Sunnfjord Betong. På grasmarka aust for vegen vart det ikkje påvist automatisk freda kulturminne under registreringa. Lokaliteten ligg på dyrka mark som tidligare er nytta til grasproduksjon. Utgravingsområdet skråar i sørvestleg retning, i den sørlige del av lokaliteten skråar det brattare ned mot sjøen. I nord skråar det noko ned før terrenget igjen stig opp mot riksvegen. Lengst vest på lokaliteten stikk det opp eit berg som skjermar noko mot vind frå vest. Den vedrørte del av reguleringsområdet ligg mellom 7-10 meter over havet. Sjølve bruket nr.2 ligg nordaust for lokaliteten. Dette er fråflytta og står til nedfals. Ved innkjørsla til bruket står den tidligare omtalte bautaen.



Figur 4. Kartutsnitt over Hornnesvika med utgravingsområdet avmerka

UNDERSØKINGSMETODE OG GANG

På bakgrunn av resultatene fra registreringene i 2004 var det forventet at undersøkingsområdet ville ha spor etter busetnings- og jordbruksaktivitet fra jernalder. Undersøkningen vart gjennomført ved maskinell flateavdekking av den flate grasmarka vest for vegen ned til Sunnfjord Betong. Målet med denne typen undersøkingar er å påvise forhistoriske kulturspor under markoverflata. Metoden går ut på, ved bruk av gravemaskin, å fjerne matjordlaget over den sterile undergrunnen. Undergrunnen vert vidare reinsa manuelt fram med krafse og graveskei. Kulturminna ein finn kan være spor etter busetting, gravanlegg og jordbruk.

Undergrunnen i Hornnesvika bestod av lysgul silt og sand som gjekk over til leire i nord og nordvest, flata var tilnærma steinfri med unntak av nokre større stein i nordaust. Etter reinsing vart strukturane dokumentert i plan gjennom foto og teikning. Deretter vart alle strukturar snitta for vertikal dokumentasjon. Frå utvalte strukturar vart det samla inn prøver til radiologisk datering, mineralogisk- botanisk- og zoologisk analyse.

I tillegg til flateavdekkinga vart det grove to profilsjakter med gravemaskin for å påvise og dokumentere forhistorisk dyrking. Det var berre sjakta i feltets sørlige del som vart dokumentert da denne var den einaste som gav ein forhistorisk dyrkingsprofil. Det vart samla inn pollen- og makrofossilprøver av det arkeologiske personale i felt, botanikar Kari Loe Hjelle ved De naturhistoriske samlinger, Universitet i Bergen har analysert prøvene. (Sjå vedlagt rapport).

MÅLESYSTEM

Koordinatsystemet på lokaliteten vart lagt ut med totalstasjon. Lokaliteten er målt inn med utgangspunkt i kartfesta punkt målt inn av fylkeskommunen frå registreringa (sjå vedlegg). Koordinatsystemet er merka av på overflateteikningane.




Figur 5. Strukturar frá Hornnesvika

RESULTAT

Hus I

Frå feltet sin ytterkant i nordaust strekker hus I seg i sørvestleg nordaustleg retning.



Figur 6. Hus I

Skildring

Hus I er 21 meter langt og det er mellom 5 og 5,8 meter mellom dei to rekkene av veggstolpar. Huset er breiast på midten og har dermed noko krumme veggar. Det er utskilt 38 stolpar. Dette er tolka som takberande veggstolpar. Det var ikkje spor etter indre takberande stolpar, det er dermed ein konstruksjon som skil seg frå dei vanlege treskipa langhusa. Som det kjem fram av figur 5 og 6 er dette eit einskipa hus, dvs. ein konstruksjon der veggstolpane ber heile vekta av taket (Skov 1994:149).

Truleg er hus I avdekkja i sin heilskap, men huset kan strekke seg noko lenger inn under steinmuren som forhindra vidare avdekking i nordaust (sjå figur 3). Det er noko uvisst om stolpe 176, 177 og 178 høyrer til huset då desse var av ein annan karakter enn dei andre stolpane i huset. Stolpane vart påvist etter grundig leiting og reinsing kor ein meinte manglane stolpar i den nordvestlege rekka måtte ligge. Undergrunnen i dette området besto av leire og ikkje den fine siltsanda som resten av huset låg. Dette kan vere ein årsak til forskjellen mellom stolpe 176, 177 og 178 og dei andre stolpane i huset. Sannsynligvis høyrer stolpane til hus I. Noko som talar for at huset er avdekkja i sin tilnærma fulle lengde er at terrenget stig i

den nordaustre retninga slik at ein har ein høgdeforskjell i huset si lengde retning på ikring to meter frå den eine gavlen til den andre.




Figur 7. Hus I mot sørvest

Huset er tolka å ha to inngangar, ein i kvar langvegg. Inngangen i den nordvestlege veggen, inngang A, er mellom stolpe 78 og 79. Det er registrert eit fyllskifte rundt stolpe 79 (sjå figur 4). Stolpe 182 skjer seg ned i dette fyllskifte. Stolpe 182 er den einaste stolpen som ikkje er ein del av den takberande veggrekka, men ein innskote stolpe som er tolka som ein del av inngangspartiet. Breidda på inngangen er 1,1 meter. På motståande sidevegg er det tolka å vere eit tilsvarande inngangsparti mellom stolpe 152 og 160, inngang B. Her er avstanden mellom stolpane større enn elles med ein avstand på 2 meter.

Stolpane måler mellom 80 og 20 cm i diameter med eit gjennomsnitt på 41 cm. Dei største er doble stolpar kor det har vore utskiftingar. Det er tre sikre utskiftingar av stolpar, stolpe 104, 106 og 129 er skifta ut med respektivt 197, 181 og 171 (sjå figur 6). I djupne ligg stolpane mellom 9 og 54 cm og er i gjennomsnitt 25 cm djupe. Dei fleste stolpane er runde eller ovale med skrå eller rette sider og med flat botn. I nokre stolpehull er det mogleg å sjå kor sjølve stolpen har stått (sjå figur 8). Fyllmassen i stolpane varierer men besto i all hovudsak av brunspetta silt/sand- og kullhaldig jord.



Figur 8. Snitt av stolpe 145



Figur 9. Snitt av stolpe 140 og 167

Av 38 stolpar er det 16 som sikkert har skoningsstein (jf. tabell 1 og figur 8 og 9). Av desse ligg 13 i sørvestlege del av huset og 9 av dei skona stolpane er i den nordvestlege vegg. Dei doble stolpane er alle skona. Det er nok fleire årsaker til hyppigheita og fordelinga av skoningstein i stolpane. Ein årsak kan vere den store høgde forskjellen i huset si lengderetning med rundt 2 meter frå den sørvestre gavlen til den nordaustre gavlen. Den store høgdeforskjellen gjer at trykket på stolpane i huset sin sørvestre del sannsynleg har vore betrakteleg større enn i nordaust. Ein annan årsak kan vere den framherskande vindretninga som går innover langs fjorden slik at ei forsterking av stolpane i den nordvestlege vegg har vore naudsynt. Dette kan også vere ein årsaka til at det er fleire stolpar i den nordvestlege vegg enn i den søraustlege vegg. Det har sannsynleg vore utskiftingar utover dei tydeleg utskifta doble stolpane. Nokre av stolpane står særst tett med ein avstand på mindre enn 30 cm. Eit anna særmerka trekk ved huset er at stolpane i huset sin nordaustre ende, dvs stolpane aust for dreneringsgrøfta dannar veggjar som er rette samanlikna med resten av huset kor veggane har ei klar krumming (sjå figur 5). Årsaka til dette er uviss men det kan ha ein samanheng med konstruksjonsmessige trekk ved huset.

Struktur	Type	Lengde	Bredde	Djupne	Form	Sider	Botn	Skoning	Merknad
77	Stolpe	24	19	30	Oval	Skrå	Spiss	?	
78	Stolpe	43	38	31	Rund	Steile	Flat		
79	Stolpe	30	28	28	Oval	Skrå/rette	Flat	X	Stolpe 79 ligg i fyllskifte 180.
86	Stolpe	25		10		Skrå	Rund		
87	Stolpe	52	50	32	Rund	Skrå	Rund	X	
90	Stolpe	50	37	30	Oval	Skrå	Flat		
104	Stolpe			24	Oval	Skrå		X	Stolpe 179 skjærer ned i 104.
106	Stolpe	63	40	44	Oval	Skrå/rette	Flat	X	Stolpe 106 skjærer ned i 181.
107	Stolpe	35	35	18	Rund	Rette	Flat		
108	Stolpe	36	35	18	Rund	Rette	Flat		
120	Stolpe	31		12		Skrå	Rund		
121	Stolpe	30		20	Rund	Skrå	Rund	X	
122	Stolpe	39	33	21	Oval	Steile/rette	Flat		
125	Stolpe	45	42	26	Rund	Steile	Flat	X	
129	Stolpe	80	32	30	Avlang	Skrå	Flat	X	Stolpe 129 skjærer ned i 171
139	Stolpe	36	34	28	Rund	Rette	Flat		
140	Stolpe	35	57	41	Ureg	Rette	Flat	X	
141	Stolpe	30	30	28	Rund	Steile	Flat		
142	Stolpe	28	22	24	Rundoval	Steile	Flat		
143	Stolpe	28	28	26	Rund	Steile	Flat		
144	Stolpe	30	26	28	Rund	Skrå	Flat	X	
145	Stolpe	62	50	46	Oval	Steile	Flat	X	
151	Stolpe	30	24	11	Rund	Skrå	Flat	X	
152	Stolpe	60	47	36	Oval	Skrå	Flat	X	
160	Stolpe	41	40	30	Rund	Steile	Flat		
161	Stolpe	20	19	9	Rund	Runde	Flat		
163	Stolpe	26	25	25	Rund	Steile	Flat		
164	Stolpe	36	25	24	Oval	Steile	Rund		
165	Stolpe	40	38	24	Rund	Steile	Flat		
166	Stolpe		38	20		Skrå		X	
167	Stolpe	70	40	54	Langoval	Steile	Flat	X	
171	Stolpe	80	32	21	Avlang	Skrå	Rund		Stolpe 129 skjærer ned i 171
176	Stolpe	26	24	10	Rund	Runde	Rund		
177	Stolpe	38	25	15	Oval	Skrå	Rund		
178	Stolpe	22		26	Rund	Skrå			
179	Stolpe	60	50	18		Skrå	Flat	X	Stolpe 179 skjærer ned i 104
181	Stolpe	63	40	20	Rund?	Steil	Flat	X	Stolpe 106 skjærer ned i 181.
182	Stolpe			15	Rund	Skrå	Rund		182 skjærer ned i fyllskifte 180

Tabell 1. Anleggsskildring av stolpar hus I

Datering og tolking

Hus I er tolka til å vere eit einskipa hus. Det er ikkje spor eller restar etter stolpar inne i huset som kan ha fungert som takberande stolpar. Dei til dels kraftige veggstolpane har bære taket si vekt aleine. Hus av denne typen er relativt lite kjend i Noreg medan i Danmark og Sverige fins det mange parallellar (jf. Rasmussen 1994: 76; Schmidt 1999:82). I Noreg er det bl.a.

påvist einskipa hus datert til middelalder på Rutlin i Sogndal, Garder i Ullensaker, Valldalen i Odda og i Tønsberg (Brendalsmo 1994:77; Diinhoff 2003:97ff.; Helliksen 1997:51ff.; Martens 1973). Eit liknande hus som i Hornnesvika er nyleg grove ut på Evcbø i Gloppen i Nordfjord, dette er datert til førromersk jernalder (Diinhoff *in prep.*). I danske undersøkingar er langhus med takberande veggstolpar på langsiden kjent frå middelalder. Etter grunnplanet er det skild ut fleire undergrupper av denne typen hus. Huset i Hornnesvika med krumma veggjar og innsnevra gavlar er lik ein type som i Danmark berre kjennes frå i ein kortare periode, nærmare bestemt på 1100 talet. Seinare vert husa sine veggjar rette og grunnplanet rektangulært (Rasmussen 1994:76f.). Dateringa av hus I i Hornnesvika er langt eldre og kan sannsynlegvis ikkje samanliknas denne typen hus frå middelalder.

Det vart i fyrste omgang radiologisk datert tre prøver frå tre ulike stolpar i huset. Resultata divergerte noko i alder, det vart derfor datert to ekstra prøver. Det kan vere fleire årsaker til avvikande dateringar. Høg eigenalder på furu og eik i forhold til tre som bjørk og or, med over 300 års forskjell på eik og bjørk kan gje store avvik. Gjenbruk av ein eikstokk som stolpe i eit hus kan dermed gje eit eldre datering enn brukstida på sjølve huset. Diverre er ikkje trekullet frå dei radiologiske prøvene treartsbestemt. Det er tre sikre utskiftingar av stolpar i huset, det er derfor ikkje usannsynlig at det er skifta ut fleire stolpar i huset, noko som også kan verke inn på dateringane. Det er og verdt å merkje seg at 1/3 av dateringane statistisk sett har ein alder som ligg utanfor eit standaravvik. Det er derfor viktig med fleire radiologiske dateringar frå same hus (jf. Løken *et al.* 1996:59).

Den eine radiologiske datering, Beta-205257 frå stolpe 142 er i alder langt yngre enn dei andre dateringane, den kan ikkje forklarast på anna måte enn at det er ei yngre forstyrring i strukturen. Alderen på denne samsvarar med det yngste radiologisk daterte dyrkingslaget frå undersøking, datert til merovingartid. For tre av dei andre radiologiske dateringane frå stolpe 87, 145 og 165 er desse relativt samanfallande med ei dateringsramme som spenner frå kalibrert BC 750 til AD 50. Den siste radiologiske dateringa frå stolpe 125 er noko yngre med ei datering til kalibrert BC 50 til AD 220.

Stolpe 145 hadde eit klart stolpeavtrykk (jf. figur 6) frå denne fyllmassen er C14 prøva tatt og datert til kalibrert BC 400-100, Beta-205256. Dateringa herfrå er sannsynleg samtidig med brukstida, eller noko yngre om stolpeholet har vore opent i ein kortare periode etter at stolpen har vore trekt opp (jf. Løken *et al.* 1996:53). Ut i frå den samla vurderinga av dei radiologiske

dateringane av stolpane og eventuelle feilkjelder er det rimeleg å anta at huset er frå perioden førromersk jernalder.

Lab. nr.	Funnstad	Struktur	Materiale	C14 alder	Kalibrert 2 sigma
Beta-205255	125 (VP46)	Stolpchol	Trekull	1940±60BP	BC 50-AD 220
Beta-205256	145 (VP67)	Stolpchol	Trekull	2230±70BP	BC 400-100
Beta-206135	87 (VP40)	Stolpchol	Trekull	2110±60 BP	BC 350-310/BC 210-AD 50
Beta-206136	165 (VP100)	Stolpchol	Trekull	2290±100 BP	BC 750-640/BC 560-100
Beta-205257	142 (VP88)	Stolpehol	Trekull	1370±60 BP	AD 580-770

Tabell 2. C14 dateringar av hus I

Kva funksjon hus I har hatt er usikker då det kjennast få parallellar til huset. Det einskipa huset på Evebø i Gloppen er datert innan same tidsrom. Det skil seg noko frå huset i Hornnesvika ved å ha rette veggjar, det er ikring 17 meter langt og 4 meter breitt. Dette huset har også ein mogleg open gavl i den eine enden. Utgravar meiner det er sannsynlig at hustypen representerer ein bygning med anna bruk enn det treskipa husa med bustad og stall (Diinhoff *in prep.*). På Vereide i same kommune som Evebø er det også påvist eit hus frå romartid med open gavl og med ein samansatt konstruksjon kor det i huset sin sørlege del ikkje var spor etter takberande stolpar kor veggstolpane sannsynlegvis har bore taket si vekt (Diinhoff 1997:77ff.).

Hus I har sannsynleg hatt ein overreimskonstruksjon dvs. at dei takberande stolpane er bunde saman i lengderetninga av dragarar og har bjelkar lagt på tvers av lengderetninga på toppen av dragarane. Dette i motsetnad til ein underreimskonstruksjon som er to stolpar bunde saman med ein dragar på tvers av lengderetninga for deretter å vere bunde saman i lengde retninga av to parallelle bjelkar. Eit treskipa hus kan hatt både under- og overreimskonstruksjon medan eit toskipa hus som einskipa hus har overreimskonstruksjon (jf. Løken 1998:171ff.). Hus I består av stolpar som i dei fleste tilfella ikkje kan seiast å vere parvise eller stå rett ovanfor kvarandre. Det er derfor mest sannsynleg at dei takberande veggstolpane i fyrstninga er bunde saman i lengderetninga. Ein så brei konstruksjon med eit stort og tungt tak krev også at tyngda er jamnare fordelt på stolpane enn det er ved ein underreimskonstruksjon, kor tyngda er fordelt på kvart enkelt stolpepar og ikkje jamt utover alle stolpane som i ein overreimskonstruksjon. Dimensjonen på stolpane har heller ikkje vore av ein slik storleik at dei parvis kan ha bore tyngda av taket.


Endringa av husets konstruksjon frå det treskipa langhuset i jernalder til hus med i større grad eller heilt takberande veggkonstruksjon i vikingtid og middelalder er noko som gjev eit større og opent rom. Dette kan komme av at buskapanen no står i eigne bygningar og det dermed ikkje lenger er naudsynt å plassere takberande stolpar i langhusa som var funksjonelle for støtte til båsinndeling. Med dyr i ein separat bygning er det ein fordel med større rom og dermed færre eller ingen takberande stolpar (Diinhoff 2003:102). Hus I er eit hus utan klare rom eller båsinndelingar.

Det er ikkje spor etter stolpar på huset si kortsida i sørvest. Dette kjenner ein til frå Danmark kor gavlen ofte er utan stolpehull (Rasmussen 1994:78). Dette kan tyde på at huset kan ha hatt ein open gavl, eller ein portopning noko som indikerer at ein har frakta større einingar ut og inn av huset. Den relativt breie inngang B i den søraustre veggen gjev også indikasjonar på dette. Dette kan tyde på at huset kan ha fungert som fjøs eller stall. Huset har to inngangar, noko som ein kjenner til frå dei regulære treskipa husa med oppdeling av bustaden i ein stalldel og ein bustaddel. Men byggeskikken ikring dei treskipa langhusa er mykje tradisjonsbundne noko som tilsei at funksjonen er ein annan enn det treskipa huset (jf. Diinhoff *in prep*). Det er ikkje spor etter eldstad i huset, noko som talar imot at det har vore eit regulært bustadhus. Men ein grunn eldstad kan vere fjerna ved seinare pløying. Det er registrert fleire eldstader saman med kokegropene (jf. nedanfor) dei fleste av desse er forstyrra sannsynligvis av pløying. Men ut i frå dei elles gode bevaringsforholda på staden burde ein rest av ein eldstad tilhøyrande hus I vere bevart.

Det vart analysert makrofossilprøvar frå alle stolpane i huset. Desse gav resultat som kan gje indikasjonar på kva bygningen har vore nytta til. Førekomsten av forkola korn i særskilde mange av de analyserte stolpehola viser at korn har vore til stade i bygningen. Førekomsten av åkerugras viser at kornet har vore ureinsa. Dette kan bety at ubehandla korn har vore lagra i bygningen eller at reinsing av korn har gått føre seg inne i bygningen. Det er høgast førekomst av korn og åkerugras rundt inngangane og i veggen sørvest for inngang A. Det er gjort nokre få funn av engplanter, men desse er låge samanlikna med dyrkingsindikatorane. Ein har dermed ikkje botanisk grunnlag til å sei at bygningen har vore brukt til stall eller fjøs. Men dei låge verdiane av frø, spesielt i nordaustre ende av huset, utelukkar ikkje ein slik funksjon, utan forkoling har ikkje frøa blitt bevart. Det er rimeleg å anta at hus I ikkje har vore eit bustadhus men har vore nytta til lagring av korn sannsynleg i den vestre delen av huset, og med ein mogleg fjøs/stall del i austre del av huset.

Hus II

Hus II er lokalisert i søraustre del av feltet.



Figur 10. Hus II

Skildring

Hus II består av fire stolpar som dannar to par. Avstanden mellom dei fire stolpane er mellom 2,55 og 2,16 meter. Huset har dermed vore tilnærma kvadratisk. Det er ikkje bevart spor etter veggkonstruksjon eller inngang til huset. Det er eit einsarta preg over dei fire stolpane i Hus II. Dei har steile eller rette sider og flat botn. Dei måler alle 20 cm i diameter og er mellom 15 og 20 cm djupe. Det er berre stolpeholet som kan sjåast i snittflata. Fyllmassen i stolpane er lik og består av gråbrun silthaldig masse.

Struktur	Anlegg	Lengde	Bredde	Djupne	Form	Sider	Botn	Skoning
117	Stolpe	20	20	15	Rund	Steile	Flat	Nei
130	Stolpe	20	20	20	Rund	Steile	Flat	Nei
172	Stolpe	20	20	20	Rund	Rette	Flat	Nei
174	Stolpe	20	20	18	Rund	Rette	Flat	Nei

Tabell 3. Anleggsskildring av stolpar hus II

Tolking og datering

Hus II kan ha vore eit treskipa hus, kor dei to stolpepara er takberande. Avstand mellom takberande stolpar er i overkant av to meter og med ein mogleg avstand mellom takberande stolpar og ytre vegg på ikring ein meter har huset målt mellom 4 og 4,5 meter i både lengde og breidde. Men dei fire stolpane kan også ha fungert som takberande stolpar samtidig som den ytre veggen også har stått her. Ein har fleire døme på hus med veggrøft og ingen indre

takberande konstruksjon utover sjølve veggen (Diinhoff 1996:53ff.). Hus II kan også vere eit såkalla *speicher* (av. lat.: *spicarium*). Det er eit lagerhus opphavleg brukt som nemning på ei innretning nytta til oppbevaring og lagring av alle typar gods og varer. Det er ein konstruksjon kor lagerrommet er heva opp frå bakkenivået, ståande på fire stolpar. Småbygningar som hus II kjennes frå både forhistorisk og historisk tid. Funksjonen til huset er usikkert men det kan som nemnd ovanfor vere lagerbygning. Ein annan bruk kan vere verkstad. Frå stolpe 130 vart det tatt ut ei C14 prøve som vart datert til førromersk jernalder. Hus II er sannsynlig i bruk samtidig som hus I.


Lab-nr	Funnstad	Struktur	Materiale	C14 alder	Kalibrert 2 sigma
Beta-205254	130 (VP38)	Stolpehol	Trekull	2280±60 BP	BC 410-190

Tabell 4. C14 datering av hus II

Struktur 134

I søraustre del av feltet vart det påvist eit særmerkt anlegg.

Skildring




Figur 11. Struktur 134 i plan før snitting

Struktur 134 var berre synleg i overflata som eit langovalt noko uregelmessig fyllskifte med fleire stein i toppen (sjå figur 11). Strukturen målte i plan 130 x 96 cm. Struktur 134 vart som andre strukturar snitta for dokumentasjon og eventuell prøvetaking. Det vart tatt eit profilsnitt

med fjerning av den sørvestre delen av strukturen. Ved graving vart det klart at struktur 134 var eit noko uvanleg anlegg. Det kom fram ei tett steinpakning med ei større helle på toppen av steinpakninga. Under snitting vart stein frå snittkassa fjerna, men stein som gjekk inn i profilen og stein som igjen støtta opp desse vart ståande. Strukturen syntes etter snitting som ein kvelva steinpakning med ei relativt stor liggande helle i toppen og ei kantsett helle i den søraustlege delen. Eit relativt tjukt kollag i botnen av strukturen er særskild tydeleg i den nordvestlege delen av profilen og i strukturen (sjå figur 10 og 11).



Figur 12. Bilde av profil struktur 134, mot nordaust



Figur 13. Profilteikning av struktur 134


Ut ifrå snittet kan ein sjå at det er grove ei større grop ned i undergrunnen, som består av eit lyst sandlag over grå homogen leire. Sjølve gropa er ikkje så mykje større enn den kvelva steinpakninga. Gropa er noko vidare i toppen av strukturen, men i botn er det tydeleg at gropa

ikkje er større enn steinpakninga sin ytterkant. Fyllmassen i struktur 134 bestod av fleire lag (sjå figur 11). Anlegget består av ei tett steinpakning med gråsvart trekullspetta sand og eit trekollag i botn. Den radiologiske dateringa er tatt frå dette trekullaget. Gropa som steinpakninga ligg i er elles fylt av eit lag med brunspetta sand/silt. I toppen og over steinpakninga var det eit lag med gråbrun trekullspetta sand. Etter snitting og dokumentasjon av profilen vart overliggende masse over hella og steinpakninga i den attverande halvdelene grove i to kvadrantar før ein lagvis fjerna stein og mellomliggende masse i sjølve anlegget.



Figur 14. Struktur 134 under graving og etter avdekking, mot søraust

Anlegget var etter avdekking rundoval i forma, den var i lengde 134 cm lang og ikring 107 cm brei. Steinen i anlegget var mellom 10 cm til 30 cm i diameter og varmepåverka, nærmast skjorbrent. Over steinpakninga låg to større steinheller, helle I og II (sjå figur 14). Hellene hadde eit målte 77 x 60 cm (helle I) og 72 x 54 cm (helle II). Under kvar steinhelle var det eit tynt lag av trekull (sjå figur 17). Hellene syntes også å vere varmepåverka. I botnen av steinpakninga var det eit opptil 8 cm tjukt lag av trekull (sjå figur 21). Steinane som låg i kullaget vær svært skjorbrente og forvitra. Trekullaget vart sålda med 4 mm såld, det vart ikkje gjort funn i massen.



Figur 15. Struktur 134 etter avdekking



Figur 16. Struktur 134 mot nordaust og sørvest



Figur 17. Struktur 134 etter fjerning av helle I, mot nordaust




Figur 18. Struktur 134 etter fjerning av helle I og kullag, mot nordaust og sørvest



Figur 19. Struktur 134 etter fjerning av helle II og kullag, mot nordaust og sørvest



Figur 20. Struktur 134 etter fjerning av stein og overliggende masse, mot nordvest



Figur 21. Struktur 134 kollag i botn av struktur, mot nordaust og sørvest

Tolking og datering

Anlegget er den eldste daterte strukturen frå undersøkinga og kan ikkje jamførast med nokre andre strukturar då denne i tid er langt eldre enn dei andre daterte strukturane. Anlegget er radiologisk datert til fyrste del av eldre bronsealder.

Lab-nr	Funnstad	Struktur	Materiale	C14 alder	Kalibrert 2 sigma
Beta-205249	134 (VP13)	Grav	Trekull	3300±50 BP	BC 1690-1450

Tabell 5. C14 datering av struktur 134

Det vart tatt elleve jordprøver frå struktur 134 som er analysert av kjemiingeniør Finn Christensen. Fem av prøvene er frå sjølve anlegget, to prøver er tatt under strukturen medan fire prøver er tatt i undergrunnen omkring anlegget (sjå vedlagt notat og tabell 6). Det er vanskeleg å tolke resultatane. Men det er særskild høge verdiar for fosfor (P) og Kalsium (Ca) under strukturen og i prøvane tatt i leirlaget rundt strukturen. Det vart diverre ikkje tatt fleire prøvar enn dei ovanfor nemnde slik at noko eintydig konklusjon utifrå dei kjemiske analysane av jordprøvene kan ikkje sluttas. Men det er heilt klart nedgrave organisk materiale (høgt P-innhald) med knoklar (høg Ca og Mg – innhald) i botnen av anlegget. Anlegget kan tolkas som eit gravanlegg. Ein kan ha brent den døde i gropa eller ein har lagt den døde i kullgropa i undergrunnen og deretter dekkja med stein og heller. Anlegget si form og oppbygging er morfologisk lik ei mindre gravrøys (jf. skildring ovanfor) og kan støtte opp om tolkinga av anlegget som ei grav. Men dei låge Mn/Zn forholda i prøvene kan tyde på animalsk opphav og indikere ein annan type anlegg.

VP#	Kontekst	[P]/ppm	[Ca]/ppm	[Mg]/ppm	[Fe]//o/oo	[Zn]/ppm	[Cu]/ppm	[Mn]/ppm
3	Topp i profil, lag 1	255	2	81	3,20	9	10,5	45
4	Midt i profil, lag 1	394	6	111	3,07	11	14,7	43
7	Under helle I	312	2	86	2,66	9	10,8	29
10	Under helle II	407	8	99	2,47	11	13,0	30
15	Kullag i bunn, lag 3	385	8	102	2,29	11	17,0	22
16	Under struktur, lag 2	1269	848	128	0,65	8	1,4	12
17	Under struktur, lag 2	1167	664	126	0,83	8	2,6	13
18	Undergrunn	1197	488	203	1,96	8	1,4	27
19	Undergrunn	1119	575	196	1,65	9	5,1	19
20	Undergrunn	1179	296	229	2,80	10	3,1	33
21	Undergrunn	1184	508	239	1,63	10	2,3	22

Tabell 6. Resultat av analysane av jordprøver frå 134

Ei anna tolking av anlegget kan vere offer dvs. offer av dyr, noko ein kjenner fleire referansar til frå bronsealder. Det er m.a. funne groper med oksekjevar på Kvamme i Lærdal (Diinhoff 2001). Desse er noko yngre, datert til yngre bronsealder og har ei enklare utforming og kan ikkje seiast ha den samansette og komplekse oppbygginga til struktur 134. Ein kjenner også til offergroper frå andre stader i Skandinavia og på kontinentet (Welinder et al. 1999:211ff.; Lütjens 1999). Ei tredje og mogleg tolking av anlegget er at det er eit teknisk anlegg. Men dette er mindre sannsynleg då ein ikkje har noko indikasjonar i den retninga verken utifrå jordprøvar, konstruksjon eller funn.

Anlegget i Hornnesvika har ingen klare parallellar verken i Noreg eller i det skandinaviske området. Anlegget sin funksjon er vanskeleg å bestemme, men sjølv utan direkte samanliknbare grav- og offeranlegg frå eldre bronsealder er tolkingane av anlegget som ei grav eller eit offer mest sannsynleg.

Kokegroper

Det vart påvist til saman 13 kokegroper eller kokegropsliknande strukturar. Dei fleste ligg sørvest i feltet kor terrenget skråar ned mot sjøen. Tre av kokegropene ligg på flata tett i Hus I.



Figur 22. Felt med kokegroper



Figur 23. Kokegrop 29 og 70

Skildring

Kokegropene varierer lite i form, dei er runde eller rundovale i plan. Sidene er skrå, botnen varierer noko men dei fleste har ein noko ujamn botn. Kokegropene har ein diameter frå 80 cm til over 2 meter. Gjennomsnittleg er kokegropene 129 cm i diameter. Gjennomsnittlig djupne er 15 cm. Fyllmassen i kokegropene er relativt eins, og består av trekullhaldig sand

og/eller grus, skjørbrente steinar med eit kullag i botn. Eit av anlegga er definert som ei koksteinsrøys. Denne består av skjørbrent stein med lite eller ingen trekull i massen.

Struktur	Anlegg	Lengde	Bredde	Djupne	Form	Sider	Botn	Kommentar
1	Kokegrop	120	120	16	Rund	Skrå	Flat/ujamn	
2	Kokegrop	110		25	Rund	Skrå	Rund	Kokegr. 2 skjer ned i kokegrop 58
3	Kokegrop	122	100	20	Oval	Skrå	Ujamn	Kokegr. 3 skjer ned i fyllskifte 5
6	Kokegrop	214	200	12	Rund	Skrå	Ujamn	
7	Kokegrop	150	84	10	Oval	Skrå	Ujamn	
14	Kokegrop	112	110	12	Rund	Skrå	Ujamn	
23	Kokegrop	150	150	19	Rund	Skrå	Flat	Kutta av dreneringsgrøft
27	Kokegrop	148	112	16	Oval	Skrå	Ujamn	
29	Kokegrop	170	170	13	Rund	Skrå	Flat/rund	
31	Kokegrop	88	68	10	Ureg	Skrå	Flat	
70	Kokegrop	80	80	6	Rund	Skrå	Ujamn	
92	Kokegrop	108	106	13	Ureg	Skrå	Rund	
58	Kokegrop	100		19	Oval?	Skrå	Rund	Kokegr. 2 skjer ned i kokegrop 58
53	Koksteinsrøys	135	124	16	Ureg	Flate	Flat	

Tabell 7. Anleggsskildring av kokegroper

Tolking og datering

Dei 13 gropene er tolka som kokegroper då dei innehaldt ein del skjørbrent stein saman med trekull. Gropene kan ha hatt mange funksjonar men er som regel sett i samanheng med matlaging. Kokegroper er ein alminnelig førekommande anleggstype frå forhistorisk tid, dei kjennes både frå buplassar og frå buplassnære områder. Kokegropene i Hornnesvika skil seg frå djupe kokegroper ved å være grunne. Prinsippet for tillaging av mat er trulig den same. Ein har varma opp steinen for så å legge kjøtt på steinane og dekket over med torv. Den klassiske kokegropen steiker kjøttet som i ein omn, mens desse anlegga varmrøyker kjøttet (Diinhoff 2005:137).

Kokegroper kan opptre enkeltvis eller mange i same felt. Kokegropfelt opptre særleg i Noreg i yngre romartid og i folkevandringstid. Kokegropfelt kan ha hatt ein spesiell funksjon og er m.a. tolka som stader kor ein har utført rituelle handlingar åtskilt frå grav- og buplassen (Diinhoff 2005:136f.). Dette til forskjell frå kokegroper på buplassområde som ofte vert tolka som omnar for matlaging til det daglige hushaldet. En rekke slike kokegropfelt er undersøkt på Vestlandet de senere årene, bl.a. Aga i Ullensvang, Mikkjelsflata i Kvam herad og Etne sjukeheim i Etne alle frå Hordaland (Berge *in prep*; Diinhoff 2005). Kokegropfelta som her i Hornnesvika ligg ofte i nærleiken til vatn eller sjøen med utsyn vidt utover.

Fem av kokegropene er datert. Ei kokegrop er datert til folkevandringstid medan dei andre kokegropene er datert til førromersk jernalder og eldre romartid. Dei eldste kokegropene er samtidig med husa på feltet.

Lab-nr	Funnstad	Struktur	Materiale	C14 alder	Kalibrert 2 sigma
Beta-205250	27 (VP28)	Kokegrop	Trekull	2060±50 BP	BC 180-AD 70
Beta-205251	6 (VP30)	Kokegrop	Trekull	2060±70 BP	BC 350-310/BC 210-AD 80
Beta-205252	3 (VP31)	Kokegrop	Trekull	1570±50 BP	AD 400-610
Beta-205253	29 (VP33)	Kokegrop	Trekull	2120±40 BP	BC 350-310/BC 210-40
Beta-192638	70 (FK G2)	Kokegrop	Trekull	2070±60 BP	BC 200-AD 70

Tabell 8. C14 dateringar av kokegroper

Eldstader

Det vart påvist seks eldstader, med unntak av eldstad 57 låg alle i same område som kokegropene.

Skildring

Alle eldstadene er øydelagt og forstyrta, enten av dreneringsgrøfter eller av seinare dyrking.

Eldstadene måler frå 51 til 160 cm og har ein gjennomsnittleg diameter på 79 cm.

Gjennomsnittleg djupne er 5 cm. Dei er grunne og har i motsetnad til kokegropene ikkje vore grove ned i grunnen slik at dei lett har vorte øydelagt av seinare dyrking. Dei er runde eller uregelmessige i forma, det siste kan skyldas forstyrtingane. Dei har flat eller ujamn bot, skrå eller steile sider. Fyllmassen består av trekull med enkelte innslag av mindre stein som ikkje i særleg grad er varmpåverka.

Struktur	Anlegg	Lengde	Bredde	Djupne	Form	Sider	Botn	Kommentar
11	Eldstad	60	60	1	Rund	Skrå	Flat/ ujamn	Eldstadet er øydelagt
17	Eldstad	160	130	10	Ureg	Øydelagt	Øydelagt	
21	Eldstad	56	54	5	Ureg	Steile	Flat	Øydelagt eldstad. Går i
22	Eldstad	51	50	2	Ureg	Steile	Flat	Øydelagt eldstad. Går i
43	Eldstad	82	30	4	Ureg	Skrå	Ujamn	Kutta av dreneringsgrøft
57	Eldstad	63	50	9	Rund	Skrå	Rund	Kutta av dreneringsgrøft

Tabell 9. Anleggskildring av eldstader


Tolking og datering

Ingen av eldstadane er datert. Eldstadane som ligg saman med kokegropene har truleg vore ein del av den same aktiviteten som kokegropene har inngått i. Det er derfor sannsynleg at eldstadane er frå same tidsrom som kokegropene dvs. hovudsaklig førromersk jernalder og eldre romartid.

Andre strukturar

Lause stolpar og mogleg gjerde

